

Årsmelding 1981

Asbjørn Vorren (formann), Bjarne Hide (nestformann), Tor Arne Bringsvor (kasserar), Jorunn Rusten (sekretær), Karly Bringsvor. Formann i banenemnda er Fredrik Baade.

I år har det vore 7 styremøter og viktigaste saka har også i år vore idrettsbana. Entreprenør har vore Per Våge, men der er nedlagde mange dugnadstimar, både av idrettslagsmedlemmar og andre, og no nærmar slutføringa av bana seg.

Av dei ymse gruppene i laget er det fotballgruppa og trimgruppa som har vore mest aktive. Både seniorlaget og smågytelaget har spelt kampar i sesongen og seniorlaget vann B-serien. Trimgruppa har hatt ymse trimopplegg, der «Vågen rundt» har vore ein av dei mest populære. I friidrettsgruppa er det faktisk berre Dagny Skare og «gjengen» hennar som er verd å nemne, men dei har hatt treningar kvar veke.

Referat årsmøtet 1981

Fredag 27.11.1981 vart det halde årsmøte i idrettslaget på Dellstun.

Det vart etter kvart fullsett kring borda så ein må seie frammøtet var godt.

Formannen ønskte vel møtt og refererte årsmeldinga då sekretøren ikkje hadde høve til å møte. I tillegg vart det orientert om dei aktivitetane laget har drive dette året.

Seniorlaget vart nr. 5 i Sandecupen i fotball og same laget vann B-serien i fotball i Sande for 1981.

Kapteinen på laget - Hallstein Bringsvor - fekk overrekt pokal for innsatsen i Sandecupen og fotballformannen - Arnvald Bringsvor - fekk på vegne av laget pokal for førsteplassen i B-serien. Smågutelaget som har vore med i krets-serien har også vist stor innsats sjølv om dei enda på nest siste plass i si avdeling. Kvar av spelarane - 18 stk - fekk overrekt diplom for innsatsen på treningane og i kampane. Det vart elles orientert om god aktivitet i trimgruppa. I friidrettsgruppa har aktiviteten vore heller låber dette året.

Arbeidet med idrettsbana har stått i sentrum dette året. Ein har no fått jamna dreneringsmassene og vonar at bana kan vere ferdig til bruk til våren. Formannen takka for god innsats når det gjeld dugnad og nemnde spesielt formannen i banenemnda - Fredrik Baade - som har lagt ned mykje arbeid med bana.

Kasseraren la fram rekneskapen for 1981 som vart godkjent. Revisorane hadde ein merknad på at baneinntekter/utgifter var ført over frå driftsrekneskapen til eige banerekneskap.

I kaffipausen serverte Karly Bringsvor, Aslaug Bringsvor, Kjellaug Kvalsund og Jorunn Hide kaker og kaffi. Dei yngste fekk brus og bløtkaker.

Etter matpausen tok trimgruppa over. Formannen - Jon S.Bringsvor - orienterte om aktivitetane dei har hatt og delte ut fruktkasser til dei ivrigaste turgåarane i sommar:

Dollsteinen : Oddmund Verren
Kletten : Lise Worren
Øyna : Alvin Bringsvor

Ein trekte så ut dei som skulle få påskjøning for turgåing etter landevegen:

Voksa rundt : Bjørn Baade
Myrane rundt : Gunn Elde
Vågen rundt : Kjellrun Våge

Trimgruppa fekk ros for godt utført arbeid.

Det vart så diskusjon om kva fotball-lag som skal stillast neste år. Vedtak: Fotballstyret og hovudstyret får i oppdrag å avgjere dette.

Det har kome ønskje frå aktive om at idrettslaget kjøper inn treningsdrakter med laget sitt namn.

Vedtak: Idrettslaget gjev eit tilskot pr. drakt slik at dei vaksne må betale ca. 250 kr og borna ca. 200 kr pr. drakt. Ei drakt av kvar storleik skal kjøpast inn for at dei som vil ha skal få rett storleik.

Namn på bana.

Då bana vert ferdig til våren må ein ha eit namn på henne. Formannen sette fram forslag om Oshaugane stadion. Dette vart samrøystes vedteke.

Kontingent 1982.

Vedtak: Vaksne (fylte 17 år) : 30 kr
Born (under 17 år) : 10 kr

Retningsliner for rekneskap/bokføring:

Vedtak: Styret set opp retningsliner for bokføringa i laget.

Val av nytt styre/nye nemnder og utval:

Formannen i valstyret - Andr.Myklebust - leidde valet. Dette gjekk svært greitt unna. Desse vart valde (SJÅ EIGE OPPSET)

Til slutt takka formannen for frammøtet og dei som hadde hjelpt til.

Valnemnda har desse framlegg på kandidater til dei ulike tillitsverv i laget på årsmøte 27.nov. 1981.

Alle oppførte kandidatar er på førehand spurde, og er villig til arbeid i laget.

Styret	<i>J.</i> Asbjørn Vorren, formann <i>(Brev)</i> <i>J.</i> Bjarne Hide, nestformann <i>J.</i> Jorunn Rusten sekretær <i>J.</i> Tor Arne Bringsvor kasserer <i>J.</i> Karly Bringsvor styremedlem
Banemnd	<i>J.</i> Fredrik Baade, formann <i>J.</i> Rolf Haugen, tilsynsmann for bana <i>J.</i> <i>J.</i> Per Våge, " " " <i>J.</i> <i>J.</i> Fredrik Skare <i>J.</i> Severin J. Helland <i>J.</i> Dagfinn Sande
Fotballstyre	<i>J.</i> Arnvald Bringsvor, formann og oppmann gutter <i>J.</i> <i>J.</i> Tor Arne Bringsvor, oppmann senior <i>J.</i> <i>J.</i> John Longva, kontaktmann oppmann senior <i>J.</i> <i>J.</i> Asbjørn Vorren, oppmann små gutter <i>J.</i> <i>J.</i> Anton Helland <i>J.</i> Sæbjørn Myklebust
Trimutval	<i>J.</i> Jon S. Bringsvor, formann <i>J.</i> <i>J.</i> Karly Bringsvor <i>J.</i> Dagfinn Bringsvor <i>J.</i> Ingeborg Våge <i>J.</i> Jorunn Hide
Friidr.utval	<i>J.</i> Oddrun Vorren, formann <i>J.</i> Dagny Skare <i>J.</i> Peder Eltvik <i>J.</i> Gunn Elde <i>J.</i> Steinar Soldal
Rep.i kontaktutval	<i>J.</i> Bjarne Hide, formann <i>J.</i> Melvin Helland, varamann
Revisorar	<i>J.</i> Andreas Myklebust <i>J.</i> Oddvin Rusten
Valnemnd	<i>J.</i> Andreas Myklebust <i>formann</i> <i>J.</i> Bjarne Strømsnes <i>J.</i> Herbjørg Våge

Utdanningkontakt: Formannen i hovedstyret.